

Gode nemnd!

Med dette oversender vi høyringsfråsegna frå Ivar Aasen-instituttet.

## Høyringsfråsegn om revisjon av nynorskrettskrivinga

Det mandatet som rettskrivingsnemnda fekk av Språkrådet var sjølvmotseiande. Samtidig som nemnda skulle lage ei nynorsknorm som var «tydeleg, enkel og stram [...] utan sideformer», vart ho instruert om å ta omsyn til «breitt talemålsgrunnlag, mykje brukte former og ord, geografisk spreining og skriftspråktradisjonar». Med dette utgangspunktet kunne framlegget frå nemnda ha vore mykje verre enn det faktisk er.

Ingen har argumentert overtydande for fjerning av klammeformene frå nynorskrettskrivinga. Systemet med ein relativt stram læreboknormal til offisiell bruk og klammeformer til meir talemålsnær eller stilistisk variert tekstproduksjon, har derimot fungert godt i nynorsken, og er godt tilpassa nynorskens særeigne situasjon. Vi er no inne i ei tid der omfanget av dialekt- og talemålsnær tekst truleg er større enn nokon gong i skrifthistoria. Dette heng saman med den enorme produksjonen av slik tekst i elektroniske medium. Det er dermed uforståeleg at offisiell språkpolitikk ikkje går inn for å *auke* mogelegheitene for talemålsnær skrivning *innanfor* rettskrivinga. Klammeformene i nynorsk hadde vore den ideelle plassen til å få gjennomført dette. Det at nemnda no er instruert til å gjere det motsette, kan ikkje nemnda sjølv lastast for. Men vi andre kan peike på at ein historisk sjanse for nynorsken no er i ferd med å gå tapt.

Ivar Aasen-instituttet vil dermed framheve at dei uheldigaste endringane som er føreslegne er fjerning av former med sterkt rotfeste i austnorsk talemål, adjektivendinga *-lig*, verbformene *drømme*, *børe*, *kjøre*, substantivet *skole* og formene *bare*, *noe[n]* og *mye*. Fjerning av desse formene vil gjere det vanskelegare for lærarar som driv med sidemålsundervisning til å argumentere overfor dei meir eller mindre motvillige elevane sine med at dei kan skrive talemålsnært på nynorsk. Dersom det var meininga å gi den nye rettskrivinga eit meir einskapleg vestnorsk preg, kunne ein godt ha fjerna dei valfrie formene av verb som endar på *-gg[j]e*. Det er vanskeleg å sjå korfor dette ikkje er gjort, men ein får elles berre vere glad for det. Rettskrivinga framstår uansett ikkje som meir konsekvent av den grunn.

Vi har ingenting å innvende mot at kløyvd infinitiv og *-i*-målet no går ut av rettskrivinga, når båe er brukte av såpass få. Omsynet til ei enkel norm burde elles ha tilsagt at det anten var full samsvarsbøying av adjektiviske partisipp, eller inga samsvarsbøying. Ei delt løysing med obligatorisk samsvarsbøying av perfektum partisipp av sterke verb og valfri bøying av svake, er uheldig, og burde revurderast. Vi vil i utgangspunktet argumentere for full samsvarsbøying. Eit system med klammeformer rommar da lett andre variantar.

Subjektforma *dykk* kan neppe forsvareast. Det har ringare talemålsgrunnlag enn *dokk* og *dokker*, som elles er gode klammeformløysingar. Det er vanskeleg å sjå at *de* som subjekt er utilstrekkeleg innarbeidd til å stå som eineform. Dersom ein derimot vil auke mengda av subjektformer – noko som klart synest å stå i motsetning til intensjonane i mandatet – kunne ein gjerne begynne med å innføre *dem* i tredje person fleirtal. Ei opplagt løysing også her innanfor det eksisterande systemet er *de* som hovudform med *dem* som klammeform.

Hovudkonklusjonen vår er altså at grunnlaget for revisjonen er feiltenkt. Det tek iallfall ikkje omsyn til nyare forskning – som mellom anna har føregått ved Ivar Aasen-instituttet – på lesevanane til ungdom, og til den kjennskapen som ungdom faktisk har til variasjonsbreidda i den eksisterande rettskrivinga. Denne forskinga viser for det første at eit stort problem for unge nynorskbrukarar er at dei i altfor liten grad vert eksponerte for nynorsken. Dette gjeld både hovudmålselevar og sidemålselevar. Begge kategoriane møter nynorsken i hovudsak berre på skulen, samtidig som dei i varierende grad er kompetente dialektskrivarar på nettet, sms osv. Den påstanden som ligg under revisjonen om at variasjonsbreidda i nynorskrettskrivinga, og særleg i klammeformene, i seg sjølv representerer eit problem, må altså kunne seiast vå vere eit luksusproblem for dei svært få som les nok nynorsk til å verte kjende med variasjonane. Og det er nettopp derfor svært få er i stand til å demonstrere kjennskap til desse variasjonane.

Fjerning av klammeformene har altså berre to fordelar: Det høver truleg rimeleg bra for bokmålet slik normeringsstoda i den målforma no er blitt, og det framstår dermed som byråkratisk ryddig. Ingen av desse faktorane er tungtvegande nok til å gjennomføre den revisjonen som no er føreslegen for nynorsken. Her fjernar ein talemålsnære former frå den aktive kompetansen til ein god del av elevane, og dermed reduserer omfanget av lågfrekvent variasjon i rettskrivinga. Samtidig kjem det *meir* variasjon av høgfrekvente former inn i rettskrivinga. At dette skal gjere nynorsken lettare å lære, er uråd å sjå.

Med venleg helsing,

Stephen J. Walton  
Ivar Aasen-instituttet, Høgskulen i Volda  
22 2 2011